



Sak nr 6/2012

Møtedato: 6.2.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S798

S 789, Flyin - søknad om overføring av støl

Ola Tildheim søker i brev datert 31.10.11 om å få overføre støl S789 på Flyin til Peter Torp. Bakgrunnen for denne søknaden er at Ola Tildheim har fått kommunal godkjenning for deling og sal av delar av egedomen Grefsrud 75/13 m. fl. For disponering av areal i statsallmenningen gjeld ikkje jordlova og overføring av støl må godkjennast av fjellstyret. Ved den godkjente bruksrasjonaliseringa blir det til Grefsrud 75/13 att ca 13 daa av det som i dag er LNF-areal og ca 6 daa er dyrka jord. Kommunen opplyser at restarealet ikkje vil bli omregulert til bustadformål, men framleis vil vera LNF-areal.

Peter Torp og Inger Eriksdotter har i e-post datert den 14.11.11 søkt om å få overta stølen. Dei eig bruket Snortheimsmarke 87/4. Til dette bruket er det støl på Kinnhølt (S842). I skrivet orienterar han nærare om drift på Snortheimsmarke og for framtidig drift på brukseininga Snortheimsmarke/Flekkelijordet. Han driv med mjølke- og kjøttproduksjon, med 50 storfe og 25 vinterfora sau. Han driv mjølkeproduksjon frå stølen på Kinnhølt. Torp har leigd S789 på Flyin i mange år og er ein del av grunnlaget for drifta på garden. Kommunen stadfestar at Torp har behov for meir areal til bruket.

Til Grefsrud 75/13 m. fl. ligg det to stølar (S789 på Jaslangen og S789 på Flyin) og eitt tilleggsjordstykke (F776 ved Fossheimstølen i Baklie). S789 låg tidlegare til Flekkelijordet 77/12. Dette bruket vart i 1990 delt, der stølen vart lagt til den nye brukseininga 75/13 og delar av 77/12. Stølen på Flyin er på 41 daa og har sel, fjøs og uthus.

Statskog er bedt om uttale til søknaden om overføring av stølen, men har varsla at det ikkje er mogleg å gi uttale til fjellstyremøte den 16. november. Fjellstyret må derfor utsetja behandling av søknad om overføring av stølen.

Ola Tildheim ynskjer tilbakemelding på om bruksrasjonaliseringa har innverknad på om det framleis ligg allmenningsrett til Grefsrud 75/13. Dette er avgjerande for om han vil gå vidare med planane for egedomen. Fjellova § 2 har reglar om når allmenningsretten fell bort: ..Vert gardsdrifta nedlagd og jorda teken i bruk til føremål utanom jordbruksnæringa, fell retten bort. Det same gjeld om ein egedom ved sal eller oreigning misser så mykje av jorda at den ikkje lenger er å rekna som ei jordbruksmessig eining, eller vert delt på ein slik måte at ingen av jordpartane etter delinga er å rekna som jordbruk. Etter stølsforskrifta §16 skal fjellstyret vurdere om retten er intakt og ved ev. nytvising til eit anna bruk skal saka sendast Statskog til uttale. Spørsmål om det ligg allmenningsrett til bruket blir avgjort av fjellstyret åleine. Fjellstyret kan behandle dette spørsmålet utan å vente på uttalen frå Statskog om overføring av støl.

Kommunen var i tvil om det er rett att det vart att så stort areal som det blir gjort i denne saka, men har etter ei samla vurdering godkjent dette under tvil. Det er ikkje nokon direkte kopling mellom landbruksstyresmaktene sin definisjon av ein rasjonell landbrukseigedom og allmenningsretten etter fjellova. Det er etter fjellova ein føresetnad at eininga må ha eit preg av jordbruk. Det er ført mange rettsaker på tvist om allmenningsrett. Rettspraksisen viser at det ikkje blir stilt store krav for at allmenningsretten skal vera intakt og det er i Høgsterett godkjent allmenningsrett til fleire bruk som er mindre enn Grefsrud 75/12. Det var ved revisjon av allmenningsloven (NOU 1985: 32) framlegg om å arealfeste minsteareal for å behalde allmenningsretten, men lovgjevar tok ikkje framlegget til følgje.

Høgsterett behandla i mars 2011 spørsmål om bortfall av allmenningsrett (sak nr 2010/1861; Molorsaka i Øystre Slidre). I den saka ynskte gardbrukaren å miste allmenningsretten, medan Øystre Slidre fjellstyre meinte allmenningsretten var intakt. Bruket hadde eit samla areal på ca 19 daa, der 9,3 var fulldyrka jord. Heile arealet var regulert til LNF-formål. På dette bruket var det også gjennomført bruksrasjonalisering på same måte det er tenkt for Grefsrud/Flekkelijordet. Høgsterett stadfesta at allmenningsretten var intakt. Retten viste til at det var mulig å få overskot på drifta på bruket, men ein kunne ikkje krevja at det var eit overskot av betydning knytt til næringa. Det vart akseptert at jordbruksverksemda kunne vera hobbyrelatert utan at allmenningsretten gjekk tapt.

Fjellstyret har i vedtak 51/07 sagt at eit bruk med 6 daa dyrka mark, pluss diverse anna skog- og utmarksareal, er å rekne som ei jordbruksmessig eining jf. § 2 i fjellova.

Restarealet til Grefsrud 75/12 er 12 daa der ca 6 daa er dyrka mark. Det dyrka arealet er godt skikka til landbruk og det er intakte bygningar på bruket. Dette arealet har preg av landbruk og ut frå rettspraksis må ein vurdere det slik at bruket framleis ha allmenningsrett.

Vedtak i sak 41/2011

Ut frå dei opplysningar som er gjeve av søkjar og kommunen, finn ikkje fjellstyret at det er grunnlag for å gjera vedtak om at Grefsrud 75/13 har mista allmenningsretten.

Søknad om overføring av støl blir utsett til Statskog har gjeve uttale til saka.

Statskog har i e-post datert 28.11.11 gjeve slik tilbakemelding:

Jeg har ikke funnet annet enn at dette er opp til fjellstyre å bestemme. Det virker ikke til at Statskog har uttalerett.

Fjellova § 20. Seter i statsallmenning kan med samtykkje frå fjellstyret overførast til bruk for ein annan eigedom som har seter i allmenningen. Seterforskriften nevner ikke overføring av seter i denne betydning, i det hele tatt.

Her er vel utgangspunktet at Ola Tildheim ønsker at Peter Torp og Inger Eriksdotter skal få overført setra til seg. Slik sett blir seterforskriften § 16, feil.

Reglar for overføring av støl er forskjellig frå nytvising av støl og er ikkje omfatta av stølsforskrift. Heimel for overføring av støl finn ein i § 20 i fjellova; *Seter i statsallmenning kan med samtykkje frå fjellstyret overførast til bruk for ein annan eigedom som har rett til seter i allmenningen.* Rett til støl går fram av § 2 i fjellova; *Rett til allmenningsbruk ligg til bygd eller grend som frå gamal tid har hatt slik rett.* Den nye brukseininga Snortheimsmarke 87/4 og Flekkelijordet 77/12 oppfyller vilkåra etter fjellova §2.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner etter § 20 i fjellova overføring av S 789 på Flyin frå Grefsrud 75/13 m.fl. til den nye brukseininga Snortheimsmarke 87/4 og Flekkelijordet 77/12.

Jf. §10 i fjellova tek fjellstyrevedtak til å gjelde 4 veker etter det er kunngjort eller der er gjeve melding om vedtaket.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.2.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Ola Tildheim
Peter Torp og Inger Eriksdotter
Statskog
Vestre Slidre kommune